

TEMA

---

# Systematisk tryggleikarbeid for bygningseigarar

---

Oktober 2017



**Gitt ut av:**

Direktoratet for  
samfunnstryggleik  
og beredskap

Rambergveien 9  
3115 Tønsberg

Telefon 33 41 25 00  
Faks 33 31 06 60

postmottak@dsb.no  
www.dsb.no

Direktoratet for  
byggkvalitet

post@dibk.no  
www.dibk.no

Kommunal  
Landspensjonskasse  
KLP

klp@klp.no  
www.klp.no

Norsk  
brannvernforening

post@brannvernforeningen.no  
www.brannvernforeningen.no

ISBN: ISBN 978-82-7768-458-1 (PDF)

Omslagsfoto: Colourbox.com

Grafisk produksjon: Erik Tanche Nilssen AS, Skien



Tema

---

# Systematisk tryggleiksarbeid for bygningseigarar

---

Oktober 2017



01	Innleiing .....	5
02	Kva er systematisk tryggleiksarbeid? .....	6
03	Systematisk sikkerhetsarbeid i bygninger lønner seg .....	6
04	Må eg ha systematisk tryggleiksarbeid i mi bygning? .....	7
05	Innhaldet i det systematiske tryggleiksarbeidet .....	8
06	Bygningas føresetnader og avgrensingar .....	9
07	Kjenn bygninga di! .....	9
08	Involver dei som kjenner bygninga .....	10
09	Sett deg mål for tryggleiken i bygninga .....	10
10	Kven har ansvar for kva? .....	11
11	Kartlegg tilstanden til bygninga – må noko gjerast? .....	12
12	Reparer det som blir øydelagt! .....	12
13	Få tryggleiks-arbeidet til å verke .....	13
	Nyttige lenker .....	14



# 01. INNLEIING

Det å eige ei bygning inneber eit stort ansvar. Bygninga kan bli brukt av mange menneske eller dyr, det kan vere store verdiar i bygninga, eller det kan vere farleg for miljøet dersom det oppstår ei uønskt hending.

Mangelfullt vedlikehald eller ei uønskt hending kan medføre at nokon mistar livet, blir hardt skadde, tapar store verdiar og arbeidsplassar, eller blir alvorleg sjuke ved å opphalde seg i eller ved bygninga. Risikoen for at dette skjer, kjem an på utforming, vedlikehald og bruk av bygninga.

Då bygninga blei planlagt og bygd, blei føresetnadene og avgrensingane for bruken lagde. Det er desse føresetnadene og avgrensingane som danner grunnlaget for systematisk drift, vedlikehald og godkjend bruk.

Systematikk er ein viktig suksessfaktor i alt tryggleiksarbeid. Det gjeld òg arbeid for trygg drift, trygt vedlikehald og trygg bruk av bygningar.

## **Kven gjeld rettleiinga for?**

Rettleiinga er skriven for private og offentlege verksemdar som eig bygningar. Eigarrolla omfattar burettslag, eigarseksjonssameigarar, profesjonelle eigarar som leiger ut eigeidomar, profesjonelle eigarar som bruker egne bygningar, og offentlege eigarar (stat, fylke og kommunar).

## **Omgrep og definisjonar**

### **Bygning:**

Denne rettleiinga bruker gjennomgåande omgrepet bygning. Andre stader nyttar ein ofte omgrepet byggverk, som er eit felles omgrep for bygningar, konstruksjonar og anlegg.

### **Eigar:**

Denne rettleiinga er skriven for verksemdar som eig (heimelshavar).

### **Verksemd:**

Juridisk person eller organisasjon som produserer varer eller tenester.

### **FDV:**

Forkorting for forvaltning, drift og vedlikehald.

### **Forvaltar:**

Person eller organisasjon som styrer eller administrerer noko, ofte på vegner av andre, særleg eigaren.

### **Driftspersonale:**

Personale som tar seg av alle oppgåver og rutinar som er nødvendige for at ei bygning skal fungere som planlagt.

### **Bygningsdokumentasjon:**

Samling av dokument som inneheld relevante opplysningar om bygninga med tilhøyrande tekniske installasjonar.

### **Statusrapport:**

Rapport som beskriv den tekniske, funksjonelle eller estetiske statusen til ei bygning på eit gitt tidspunkt.

### **Tilstandsanalyse:**

Den samla analysen av tilstanden til ei bygning på eit gitt tidspunkt.

### **Bruksrettleiing:**

Ei innføring i korleis ei bestemt bygning skal brukast på ein riktig og sikker måte.

## 02. KVA ER SYSTEMATISK TRYGGLEIKSARBEID?

Felles for eigarar som er definerte som verksemder, er plikta til internkontroll. Denne rettleiinga er laga for å tilfredsstillere bygningas internkontroll, her omtalt som systematisk tryggleiksarbeid.

For å få best utbytte av denne rettleiinga er det viktig å ha ei felles forståing av omgrepet systematisk tryggleiksarbeid.

Systematisk tryggleiksarbeid er T-en i det lovpålagde HMT-arbeidet og kan forenklast til: heilskapleg og oversiktleg arbeid med tryggleiken.

For å vareta den systematiske arbeidsmetodikken er det nødvendig å ha oversikt over tryggleiksarbeidet. Dette skal vere oversiktleg for bygningseigarar, brukarar og tilsynsmyndigheiter og må derfor dokumenterast.

Forenkla kan vi konkludere med at det systematiske tryggleiksarbeidet er summen av alle tiltak som blir sette i verk og dokumenterte for å vareta tryggleiken i bygninga.

Omfanget av det systematiske tryggleiksarbeidet vil vere ulikt, basert på kompleksiteten til bygningane. Eit stort sjukehus vil ha heilt andre krav til det systematiske tryggleiksarbeidet enn ein liten barnehage.

## 03. SYSTEMATISK TRYGGLEIKSARBEID I BYGNINGAR LØNNER SEG

Føremålet med systematisk tryggleiksarbeid er ikkje berre å oppfylle krav frå myndigheiter og tilsynsetatar, men også å effektivisere drifta og auke lønns- emda for bygningseigarar og brukarar.

Dersom ein berre behandlar symptoma, løyser ein ikkje det underliggende problemet. Resultatet blir auka kostnader, auka frustrasjonar og auka risiko.

Ved å følge anbefalingane i denne temaretttleiinga kan bygningseigar på ein systematisk måte auke lønns- emda og få betre oversikt, og dermed lettare oppfylle krava i eller i medhald av plan- og bygnings- lovgivinga og HMT-lovgivinga samt forskrifter fastsette i medhald av desse.

Verksemder som eig bygningar, bør derfor ikkje mangle motivasjon for å innføre systematisk tryggleiksarbeid i tråd med råd og anbefalingar i denne temaretttleiinga.



## 04. MÅ EG HA SYSTEMATISK TRYGGLEIKSARBEID I MI BYGNING?

Det korte svaret er ja. Dersom du er ei verksemd som eig ei bygning, pliktar du å ha systematisk tryggleiksarbeid i bygninga di. Viss du har gode svar på punkta nedanfor, har du nok allereie eit etablert og godt system. Viss ikkje må du sørge for å skaffe deg det. Denne rettleinga er då ein bra plass å starte.

### **Har du som bygningseigar oversikt over:**

- Kva føresetnader og avgrensingar som gjaldt for bygninga då noverande bruk blei lovleg etablert, og etter eventuelle bruksendringar?
- Korleis konstruksjonar, tekniske installasjonar og bruk av bygninga samsvarer med dei krava og føresetnadene som låg til grunn for byggeløyvet?
- Prioriterte planar og budsjett for utbetringar og vedlikehald?
- Om organisering, tryggleiksmål og plikter er kjende av eigar eller den som representerer eigar og den enkelte brukar?

### **Blir førebygging godt nok varetatt i bygninga?**

- Er det sett i verk rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge avvik?
- Har forvaltar og leigetakarar tilstrekkeleg kompetanse?
- Er ansvarsfordelinga godt beskriven i leige-kontraktar, instruksar og bruksrettleiingar?

### **Finst det eit godt nok planverk på rednings- og beredskapsområdet?**

- Finst det instruksar med oppgåvefordeling for uønskte hendingar som kan inntreffe?
- Er kunnskapsnivå og utstyr godt nok?

### **Kan ei krise handterast viss ho oppstår?**

- Er du som bygningseigar, med din organisasjon, i stand til å handtere ei krise når ho oppstår?
- Kven står i front når pårørande og media krev svar?

## 05. INNHALDET I DET SYSTEMATISKE TRYGGLEIKSARBEIDET

Tabellen under gir skjematisk oversikt over innholdet i det systematiske tryggleiksarbeidet. Denne tabellen er henta frå internkontrollforskrifta § 5 andre ledd, og vil saman med påfølgande rettleiingstekst vere utfyllande for gjennomføring av det systematiske tryggleiksarbeidet. Pkt. 4–8 må dokumenterast.

Om du vel å implementere rettleiinga i eit eksisterande system for forvaltning, drift og vedlikehald (FDV), eller andre system du måtte ha, er opp til deg som bygningseigar. Føremålet med rettleiinga er å gi deg råd, slik at systemet ditt har dei elementa som skal til for at bygninga di skal vere trygg for alle. For å hjelpe bygningseigarar med å få oversikt over kva krav som gjeld, og kva som må gjerast i ei bygning, har myndighetene i samarbeid utvikla verktøyet IK-BYGG. Verktøyet kan gi eigar ei visualisering av status for bygningas internkontroll. (<https://kommune.ikbygg.no/frontpage/signin>). Lokal tilsynsmyndigheit vil kunne rettleie bygningseigar ved eventuelle spørsmål til regelverket.

### INNHALD I DET SYSTEMATISKE HELSE-, MILJØ- OG TRYGGLEIKSARBEIDET

1. SØRGE FOR TILGANG TIL DEI LOVENE OG FORSKRIFTENE I HELSE-, MILJØ- OG TRYGGLEIKSLOVGIVINGA SOM GJELD FOR VERKSEMDER, OG HA OVERSIKT OVER DEI KRAVA SOM ER SÆRLEG VIKTIGE FOR VERKSEMDA.
2. SØRGE FOR AT ARBEIDSTAKARANE HAR TILSTREKKELEGE KUNNSKAPAR OG FERDIGHEITER I DET SYSTEMATISKE HELSE-, MILJØ- OG TRYGGLEIKSARBEIDET, INKLUDERT INFORMASJON OM ENDRINGAR.
3. SØRGE FOR AT ARBEIDSTAKARANE MEDVERKAR, SLIK AT SAMLA KUNNSKAP OG ERFARING BLIR UTNYTTA.
4. FASTSETTE MÅL FOR HELSE, MILJØ OG TRYGGLEIK. MÅ DOKUMENTERAST.
5. HA OVERSIKT OVER VERKSEMDA SIN ORGANISASJON, MELLOM ANNA KORLEIS ANSVAR, OPPGÅVER OG MYNDIGHEIT FOR ARBEIDET MED HELSE, MILJØ OG TRYGGLEIK ER FORDELT. MÅ DOKUMENTERAST.
6. KARTLEGGE FARAR OG PROBLEM OG PÅ BAKGRUNN AV DET VURDERE RISIKO, SAMT UTARBEIDE TILHØYRANDE PLANAR OG TILTAK FOR Å REDUSERE RISIKOFORHOLDA. MÅ DOKUMENTERAST.
7. SETTE I VERK RUTINAR FOR Å AVDEKKE, RETTE OPP OG FØREBYGGE BROTT PÅ KRAV SOM ER FASTSETTE I ELLER I MEDHALD AV HELSE-, MILJØ- OG TRYGGLEIKSLOVGIVINGA. MÅ DOKUMENTERAST.
8. GJENNOMFØRE SYSTEMATISK OVERVAKING OG GJENNOMGANG AV INTERNKONTROLLEN FOR Å SIKRE AT HAN FUNGERER SOM FØRESETT. MÅ DOKUMENTERAST.

## 06. BYGNINGAS FØRESETNADER OG AVGRENSINGAR

*Viss du er eigar av ei bygning, er det viktig å ha oversikt over relevante lover og forskrifter som omhandlar byggverk, løyve, standardar, produktdatablad, bruksrettleiingar m.m., og som utgjer føresetnadene og avgrensingane for bygninga inkludert tekniske installasjonar og konstruksjonar.*

Eksempel på viktige føresetnader og avgrensingar:

- Bygningslovgivinga som gjaldt då byggeløyvet blei gitt.
- Krav etter helse-, miljø- og tryggleikslovgivinga, sjå [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no).
- Prosjekterte føresetnader, mellom anna avgrensingar for bygninga.
- Vedtak gjorde i medhald av lovverk. Dette kan vere byggeløyve, ferdigattest og andre løyve (for eksempel oppbevaring av brannfarleg vare, utsleppsløyve eller liknande).
- Oversikt over tryggleikstiltak i bygninga som går ut over myndigheitenes minstekrav (eksempelvis der eigar sjølv eller forsikringsselskapet ønsker å sikre bygninga ytterlegare med branntekniske installasjonar).
- Standardar, samsvarserklæringar, produktdatablad, bruksrettleiingar, monteringsrettleiingar m.m. for tekniske installasjonar og bygningas konstruksjonar som er relevante for drift og vedlikehald av bygninga.

Dette er krav og informasjon som dannar grunnlaget for riktig bruk, forvaltning, drift og vedlikehald av bygninga, og bør inngå i den samla bygningsdokumentasjonen.

Bygningsdokumentasjonen dannar grunnlaget for bygningseigars systematiske tryggleiksarbeid, men er òg svært viktig når eventuell ombygging, bruksendring e.l. skal prosjekterast.

Dersom det manglar dokumentasjon for bygninga, er det eigaren sitt ansvar å skaffe denne. I nokre tilfelle kan eigar trenge profesjonell hjelp til å skaffe tilfredsstillande bygningsdokumentasjon. Ein statusrapport eller ein tilstandsanalyse kan vere eit nødvendig første tiltak. Dette er meir omtalt i kapittel 11, «Kartlegg tilstanden til bygninga – må noko gjerast?».

## 07. KJENN BYGNINGA DI!

*Bygningseigar må sørge for at eigaren sjølv, forvaltarar og driftspersonale er i stand til å overhalde alle relevante krav etter plan- og bygningslova og HMT-lovgivinga som gjeld for bygninga.*

*Bygningseigar må òg sørge for at dei som har rett til å bruke bygninga, er kjende med krava som gjeld for bruken.*

Eigaren må kjenne bygninga si godt. Dette er eit grunnleggande krav for å kunne gjere godt systematisk tryggleiksarbeid. Bygningseigar må derfor ha kunnskap om føresetnader og avgrensingar som gjeld for bygninga.

Vidare må eigar kjenne innhaldet i aktuelle lover og forskrifter og ha ei regelverksforståing som gjer vedkommande i stand til å oppfylle krava i plan- og bygningslovgivinga og HMT-lovgivinga.

Eigar skal sørge for at dei som har rett til å bruke bygninga, er kjende med krava som gjeld for bruken av bygninga samd føresetnader og avgrensingar som gjeld for denne. Det kan for eksempel vere eigedomsforvaltar, driftspersonale og leigetakarar eller innleigd vedlikehaldspersonale.

## 08. INVOLVER DEI SOM KJENNER BYGNINGA

*Bygningseigar må sørge for at forvaltarar, driftspersonale og representantar for leigetakarar blir involverte ved innføring og utøving av det systematiske tryggleiksarbeidet.*

Deling av kunnskap og erfaring er viktig for å kunne gjere godt systematisk tryggleiksarbeid. Bygningseigarar må derfor sørge for at forvaltarar, driftspersonale og representantar for leigetakarar blir involverte ved innføring og utøving av det systematiske tryggleiksarbeidet.

Verksemdsleiarar hos bygningseigarar og eventuelle leigetakarar har eit særskilt ansvar for at arbeidstakarar og deira representantar blir engasjerte i arbeidet for å vareta den samla tryggleiken i bygninga.

Arbeidstakarar må medverke i det systematiske tryggleiksarbeidet. Dette er aktuelt ved:

- kartlegging av feil knytt til føresetnadene for bygninga (avviksrapportering)
- utarbeiding av tiltaksplanar, instruksar og bruksrettleiingar for bygninga
- etablering av tiltak for å heve tryggleiken i bygninga

## 09. SETT DEG MÅL FOR TRYGGLEIKEN I BYGNINGA

*Bygningseigar må fastsette tryggleiksmål for bygninga.*

Dette skal dokumenterast.

Alle krav og reglar som gjeld for ei bygning, er i utgangspunktet minimumskrav. Det er ikkje mogeleg å regulere alle aktualitetar for dei ulike bygningstypene og den ulike bruken bygningar har. Det er derfor viktig at eigar finn det nivået som er trygt nok for bruk av eiga bygning. For enkelte bygningar vil det vere godt nok å legge seg på minimumskrava, men tryggleiksnivået må alltid samsvare med risikoen i bygninga.

Bygningseigar må fastsette mål for den samla tryggleiken til bygninga. Tryggleiksmåla skal vareta målsettingar i krav og føresetnader som gjeld for bygninga.

Utveljing og oppdeling av tryggleiksmål, for eksempel i eitt eller fleire delmål, skal òg gjerast på grunnlag av bygningas art, tilstand, aktivitetar, risikoforhold og storleik.

Måla dannar grunnlag for planar og aktivitetar og må vere mest mogeleg konkrete. Måla må vere realistiske og målbare.

### Eksempel på overordna tryggleiksmål:

- Alle leigetakarar skal ha ei god og forsvarleg bygning og vere verna mot helseskadar på og omkring bygningane våre.
- Alle besøkande skal oppleve våre bygningar som trygge, og vi skal ha kvalitativt gode system som sikrar besøkande eit trygt opphald.
- Internkontrollsystemet til bedrifta skal oppfylle krava i HMT-lovgivinga.
- Vi skal verne bedriftas bygningar og materielle verdiar og hindre skade på ytre miljø.

## 10. KVEN HAR ANSVAR FOR KVA?

*Bygningseigar må ha oversikt over eigen eigarorganisasjon samt oversikt over korleis ansvar, oppgåver og myndigheit for arbeidet med den samla tryggleiken til bygninga er fordelt.*


Dette skal dokumenterast.

Bygningseigar må ha oversikt over fordeling av ansvar, oppgåver og myndigheit i sin organisasjon. Kva roller, plikter og oppgåver knytt til det systematiske tryggleiksarbeidet har dei ulike funksjonane i verksemda dykkar?

Eigar må forsikre seg om at det er klare kommunikasjonslinjer og god informasjonsflyt mellom verksemdsleiarar, medarbeidarar, eigedomsforvaltarar og leigetakarar i bygninga.

For ein bygningseigar som driv utleige til ein eller fleire leigetakarar, bør ansvar og plikter knytt til det systematiske tryggleiksarbeidet for bygninga gå tydeleg fram av leigekontrakten.

Eksempel på oversikt over tryggleiksorganisasjon:



## 11. KARTLEGG TILSTANDEN TIL BYGNINGA – MÅ NOKO GJERAST?

*Bygningseigar må kartlegge om bygninga oppfyller gjeldande krav og blir brukt som føresett. På bakgrunn av kartlegginga må bygningseigar utarbeide planar og tiltak som bidrar til å vareta den samla tryggleiken til bygninga.*

Dette skal dokumenterast.

For å vise at bygninga oppfyller føresetnadene gjennom heile sitt «livsløp», må eigar kontinuerleg kartlegge tilstanden til og bruken av bygninga. I samband med dette arbeidet må eigar registrere om:

- konstruksjonar, tekniske installasjonar og bruk av bygninga er i samsvar med lov- og forskriftskrav samt andre føresetnader som låg til grunn for byggeløyvet
- bygninga faktisk er bygd og/eller ombygd som prosjektert, og om godkjende prosjekterte løysin- gar er gode nok
- konstruksjonar eller installasjonar har skadar som følge av feil bruk eller mangelfullt system for kontroll og vedlikehald

Det kan vere ei krevjande oppgåve å kartlegge tilstanden til ei bygning. Dersom bygninga har ein kompleks konstruksjon og bygningsdokumenta- sjonen er mangelfull, vil kartlegginga krevje teknisk kompetanse. Arbeidet vil vere ekstra krevjande dersom eigar ikkje allereie har innført systematisk tryggleiksarbeid for bygninga. For eigar kan det då vere nødvendig å hente inn profesjonell hjelp for å få utarbeidd ein statusrapport eller tilstandsanalyse for bygninga.

Kartlegginga skal gi oversikt over kva som må forbe- trast. Feil som kjem fram av kartleggingsarbeidet, må førast inn i ein prioritert tiltaksplan og utbetrast.

Blir det oppdaga feil i prosjekterings- og byggefasen eller som følge av ulovleg ombygging, må eigar søke om løyve til ombygging i tråd med føresegner i plan- og bygningsloven. Deretter må ny prosjektering/ utføring gjennomførast i tråd med byggesøknaden. Blir det oppdaga feil som kan føre til alvorlege ulykker, må eigar vurdere stenging av heile eller delar av bygninga til desse feila er retta. Ved tvil kan ein kontakte lokal tilsynsmyndigheit.

Dersom det blir avdekt at bygninga blir brukt på feil måte, kan eigar vurdere å tilbakeføre bruken til det som var føresett i byggesaka, eller søke om bruksendring.

## 12. REPARER DET SOM BLIR ØYDELAGT!

*Bygningseigar må sørge for rutinar og system som fangar opp avvik på bygninga. Dette systemet bør vere tilpassa bygningas kompleksitet og omfang.*

Dette skal dokumenterast.

På bakgrunn av bygningseigarens kartlegging, innrapporterte avvik og kontrollrapportar må eigar etablere rutinar for å rette opp og førebygge eventu- elle avvik som blir avdekte.

Eigar er ansvarleg for at tekniske installasjonar og konstruksjonar som påverkar bygningstryggleiken, jamleg blir kontrollerte og haldne ved like. Kravet om kontroll og vedlikehald er grunnleggande. Det viktigaste med kontroll er å avdekke om tryggleiks- tiltaka verkar som føresett, også etter eventuelle bygningsmessige endringar eller endra bruk. Eigar kan gjennom avtalar bestemme at forvaltar, leigeta- karar eller andre firma med relevant kompetanse skal gjennomføre kontroll- og vedlikehaldsarbeidet. Eigar er ansvarleg for at arbeidet blir utført.

For å kunne oppfylle kravet om å avdekke, rette opp og førebygge avvik, må eigar sørge for at det blir utarbeidd gode rutinar for avviksrapportering.

For å kunne rette opp og førebygge på ein tilfredsstillande måte, bør eigar kunne dokumentere at underliggande årsaker til avvik er kartlagde. Eigar må òg dokumentere kva tiltak som er sette i verk for å hindre at same feil oppstår på nytt. Dette kan innebære alt frå å etablere nye eller endre instruksar, leigekontraktar og bruksretteleingar til å endre på ei fysisk innretning i bygninga.

## 13. FÅ TRYGGLEIKS- ARBEIDET TIL Å VERKE

*Bygningseigar må sørge for kontinuerleg evaluering og oppdatering av det systematiske tryggleiksarbeidet.*

Dette skal dokumenterast.

For at arbeidet med tryggleik skal verke som føresett, må bygningseigar drive systematisk overvaking og gjennomgang av tryggleiksarbeidet. Utan kontinuerleg evaluering er det vanskeleg for bygningseigar å vite om det systematiske tryggleiksarbeidet gir ønskt effekt.

Systematisk overvaking og gjennomgang av tryggleiksarbeidet må som eit minimum gi svar på om:

- aktivitetane frå kapittel 6–12 gir forventta resultat
- det er samsvar mellom skriftleg dokumentasjon og utføring
- iverksette tiltak har hatt forventta effekt
- fastsette tryggleiksmål blir nådde

Dersom iverksette tiltak ikkje har hatt forventta effekt, må ein vurdere andre tiltak. Det kan for eksempel dreie seg om endring av etablerte rutinar og prosedyrar i leigekontraktar, instruksar/bruksretteleingar for bygninga, vurdering av opplæringsbehov eller vurdering av fastsette tryggleiksmål og tiltaksplanar.

Bygningseigars system for oppfølging, gjennomføring og måling av effekt for aktivitetar knytte til arbeid med helse, miljø og tryggleik (HMT) skal dokumenterast skriftleg.

Denne dokumentasjonen kan eksempelvis innehalde evalueringsrapportar, internrevisjon av tryggleiksarbeidet, rapport etter målingar eller undersøkingar m.m. Det er opp til bygningseigar å velje den dokumentasjonsforma som passar best med tanke på kompleksiteten til og omfanget av det systematiske tryggleiksarbeidet.

*Hugs:*

Investering i systematisk tryggleiksarbeid som fangar opp alle offentlegrettslege krav til bygninga, vil gi bygningseigar:

- betre styring av organisasjonen
- betre og heilskapleg vedlikehalds- og tryggleiksstyring
- betre økonomistyring
- heilskapleg oversikt over korleis uhell kan førebyggast
- dokumentasjon for myndighetstilsyn, intern bruk og etterforskning/gransking etter uhell

Kva blir dine tiltak?

Lykke til!

## NYTTIGE LENKER

Oversikt over krav til verksemdar:

<http://www.regelhjelp.no/>

Verktøy for visualisering av status for internkontrollen:

<https://kommune.ikbygg.no/frontpage/signin>

Meir om eigedomsforvaltning:

<https://dibk.no/no/verktoy-og-vevisere/andre-fagomrader/eiendomsforvaltning/>

Plan- og bygningsmyndigheitenes tilsyn:

<https://dibk.no/saksbehandling/kommunalt-tilsyn/temaveiledninger/tilsyn/>

### **Standardkontraktar**

Norsk eiendomsmeglerforbund:

<http://www.norskeiendom.org/wp-content/uploads/2016/06/Std-kontr-n%C3%A6ringslokaler-brukte-som-de-er-4utg.pdf>

Gode bygg for eit betre samfunn:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld-st-28-20112012/id685179/>

Standard Norge, aktuelle standardar for bygningar:

<http://www.standard.no/>

Tilsynsmyndighetenes retningslinje for samordnet tilsyn og felles tilsynsprofil:

<https://www.dsb.no/globalassets/dokumenter/brann-og-redning-bre/pdfer/tilsynsmyndighetenes-retningslinje-for-samordnet-tilsyn-og-felles-tilsynsprofil--godkjent-6.mars-2014.pdf>

Bygningseiers offentligrettslige ansvar:

[https://dibk.no/verktoy-og-vevisere/andre-fagomrader/eiendomsforvaltning/Eksisterende-bygg-publikasjoner/rapport-om-bygningseiers-offentligrettslige-ansvar1/?\\_t\\_id=1B2M2Y8AsgTpgAmY7PhCfg%3d%3d&\\_t\\_q=f%C3%B8yen&\\_t\\_tags=language%3ano%2csiteid%3aa8fed669-6208-4354-8fe6-9c93cb91a133&\\_t\\_ip=91.229.21.100%3a28343&\\_t\\_hit.id=EPiServer\\_Templates\\_DIBK\\_PageTypes\\_ArticlePageType/\\_d0487703-45eb-40e9-8e69-0d199a6ead71\\_no&\\_t\\_hit.pos=1](https://dibk.no/verktoy-og-vevisere/andre-fagomrader/eiendomsforvaltning/Eksisterende-bygg-publikasjoner/rapport-om-bygningseiers-offentligrettslige-ansvar1/?_t_id=1B2M2Y8AsgTpgAmY7PhCfg%3d%3d&_t_q=f%C3%B8yen&_t_tags=language%3ano%2csiteid%3aa8fed669-6208-4354-8fe6-9c93cb91a133&_t_ip=91.229.21.100%3a28343&_t_hit.id=EPiServer_Templates_DIBK_PageTypes_ArticlePageType/_d0487703-45eb-40e9-8e69-0d199a6ead71_no&_t_hit.pos=1)





**Direktoratet for  
samfunnstryggleik  
og beredskap**

Rambergveien 9  
3115 Tønsberg

Telefon 33 41 25 00  
Faks 33 31 06 60

postmottak@dsb.no  
www.dsb.no

ISBN 978-82-7768-458-1 (PDF)  
HR 2389  
Oktober 2017

 /DSBNorge

 @dsb\_no

 dsb\_norge

 dsbnorge